

Hordaland fylkeskommune  
Klagenemnda  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Dato: 29.09.2017  
Vår ref.: 2014/22965-36  
Saksbehandlar: Endre Korsøen  
Telefon: 917 64 632

## **Vedtak om delvis avslag på krav om dekning av sakskostnader etter forvaltningslova § 36. Leif Mehus m.fl. - Oversending av klagesak**

Regionalavdelinga viser til klage dagsett 04.04.2017 frå Advokatfirmaet Schjødt på vegne av Leif Mehus m.fl. på vårt vedtak av 14.03.2017 om at Leif Mehus m.fl. har krav på å få dekka sakskostnader med kroner 28547 inkl. mva etter fylkeskommunen sitt vedtak av 31.01.2013. Saka gjeld løyve etter akvakulturlova til endra plassering og auka areal for anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet 13231 Høylandssund i Kvinnherad kommune.

### Prøving av klagevilkår

Etter forvaltningslova sin § 28 kan enkeltvedtak påklagast av "*part eller annen med rettslig klageinteresse*". Part i ei sak er i følge forvaltningslova, person som vedtaket direkte rettar seg mot, eller som saka elles direkte gjeld. Vedtaket av 14.03.2017 rettar seg mot Leif Mehus m.fl. Regionalavdelinga har vurdert Leif Mehus m.fl. å vere part i saka. Vedtaket er dagsett 14.03.2017. Klagen er dagsett 04.04.2017. Regionalavdelinga har vurdert klagen å ha kome inn i rett tid.

### Bakgrunn

Fylkeskommunen er løyvemyndigheit ved søknader om lokalitetsklarering av akvakulturanlegg.

Den 16.11.2012 søkte Sunnhordland Fjordbruk AS, Tysnes Fjordbruk AS og Rogaland Fjordbruk AS om løyve til ny plassering og auka areal for oppdrettsanlegg på lokalitet 13231 Høylandssund i Kvinnherad kommune. I forkant av søknaden hadde Kvinnherad kommune fatta vedtak av 17.10.2012 om dispensasjon frå kommunedelplanen, slik at det omsøkte anlegget kunne plasserast slik søkjarane ønska.

Søknaden blei handsama etter vanlege prosedyrar, slik at fylkeskommunen mellom anna innhenta uttale/vedtak frå relevante fagetatar m.m.

Den 28.01.2013 sende hytteeigarane v/advokatfirmaet Schjødt brev til fylkeskommunen, Kvinnherad kommune og Fylkesmannen i Hordaland. Brevet var formulert som ein "protest" mot utviding av akvakulturanlegget, samt ein klage på Kvinnherad kommune sitt dispensasjonsvedtak av 17.10.2012. Det blei gjort gjeldande at kommunen sitt dispensasjonsvedtak av 17.10.2012 var ugyldig, og at det derfor heller ikkje var grunnlag for å gje løyve til tiltaket etter akvakulturlova.

Fylkeskommunen fatta deretter vedtak den 31.01.2013. Ingen av dei aktuelle styresmaktene (kommunen, Mattilsynet, Fylkesmannen, Kystverket og Fiskeridirektoratet) hadde innvendingar mot at løyve blei gjeve. Kvinnherad kommune hadde pr. 30.01.2013 stadfesta at dispensasjonsvedtaket var gyldig.

Fylkeskommunen sitt vedtak blei påklaga den 20.02.2013. Det blei hevda at fylkeskommunen sitt vedtak var ugyldig, og ein varsla at ein ville kome tilbake til dette etter ny politisk handsaming av dispensasjonsvedtaket av 17.10.2012 i kommunen. Etter det fylkeskommunen er kjent med blei det etter dette tidspunkt lagt opp til dialog mellom kommunen, eigarane av akvakulturanlegget og hytteigarane – kor ein til slutt vart samde om plassering og utforming av akvakulturanlegget. Kommunen omgjorde deretter sitt dispensasjonsvedtak av 17.10.2012 den 8.05.2013, i samsvar med det ein var samde om.

Fylkeskommunen var ikkje involvert i denne prosessen, utover at ein med jamne mellomrom gav hytteeigarane utsett frist for utfyllande opplysningar til klagen av 20.02.2013. I samsvar med det endra dispensasjonsvedtaket frå kommunen omgjorde fylkeskommunen sitt vedtak av 31.01.2013 den 27.06.2013, slik at plasseringa av anlegget blei endra i samsvar med det ein var samde om.

Etter fylkeskommunen sitt vedtak har Leif Mehus v/advokat Støren framsett krav om dekning av klientane sine sakskostnader med kr. 226 945,41. Kravet er retta både mot kommunen og fylkeskommunen.

Forvaltningslova § 36 første ledd seier:

*”Når et vedtak blir endret til gunst for en part, skal han tilkjennes dekning for vesentlige kostnader som har vært nødvendige for å få endret vedtaket, med mindre endringen skyldes partens eget forhold eller forhold utenfor partens og forvaltningens kontroll, eller andre særlige forhold taler mot det.”*

Slik regionalavdelinga ser det må kravet om kostnader som er retta til fylkeskommunen berre vurderast i forhold til fylkeskommunen sitt vedtak i saka. Ordlyden i forvaltningslova § 36 er knytt til eit bestemt forvaltningsvedtak. Fylkeskommunen har ikkje vore involvert i Kvinnherad kommune sitt dispensasjonsvedtak og er heller ikkje hierarkisk overordna kommunen. Fylkeskommunen er soleis berre ansvarleg for eigne vedtak, ikkje Kvinnherad kommune sitt vedtak i saka.

I denne saka har fylkeskommunen endra sitt vedtak av 31.01.2013, ved vedtak av 27.06.2013. Omgjeringa er ein direkte følgje av endringa av Kvinnherad kommune sitt dispensasjonsvedtak av 17.01.2012, og er ikkje ein følgje av vanleg klagehandsaming av vedtaket. Slik regionalavdelinga ser det er ikkje hytteigarane ”part” i saka som gjeld fylkeskommunen sitt vedtak av 31.01.2013, endra ved vedtak av 27.06.2013. Det vert vist til forvaltningslova § 2 (e) kor ein part er ein ”person som en avgjørelse retter seg mot eller som saken ellers direkte gjelder.” Slik regionalavdelinga ser det var hytteeigarane ikkje part i det opprinnelege vedtaket, og heller ikkje i det omgjorte vedtaket. Det er i utgangspunktet fylkeskommunen uvedkomande kva som er bakgrunnen for at kommunen endra sitt dispensasjonsvedtak. Allereie av denne grunn har hytteeigarane ikkje krav på dekning av sakskostnader etter fvl § 36.

Uansett finn regionaldirektøren at omgjeringa skuldast ”partens eget forhold eller forhold utenfor partens og forvaltningens kontroll”. Det følgjer av Rundskriv G-1995-37 side 12 at det er eit vilkår for å få rett til dekning av sakskostnader at endringa skyldast forhold som ligg innanfor forvaltninga sin kontroll. Det må gjerast ei konkret vurdering av dei forhold som låg til grunn for endringa, og om dette er noko forvaltninga skal svare

for. Forhold som typisk ville ligge utanfor forvaltninga sin kontroll er at dei faktiske forholda har endra seg sidan første vedtak, eller der endringa skuldast parten sine egne forhold.

Slik regionalavdelinga ser det er skuldast endringa av vedtaket forhold som låg utanfor fylkeskommunen sin kontroll, og som fylkeskommunen heller ikkje svarar sakskostnader for. Som det følgjer av hytteeigarane sine egne brev har det alt vesentlegaste av motsegner vore retta mot Kvinnherad kommune sitt dispensasjonsvedtak av 17.10.2012. Det same gjeld argumentasjonen i forhold til sakskostnadsspørsmålet.

Slik vi ser det skuldast omgjerung av vedtaket ikkje anna enn at Kvinnherad kommune – i dialog med hytteeigarane og eigarane av akvakulturanlegget – opna for ei anna løysing enn dei opprinneleg hadde gjeve dispensasjon for. Fylkeskommunen har ikkje hatt påverknad eller kontroll på den prosessen som enda med at dei underliggjande forhold (dispensasjonsvedtaket) blei endra, slik at fylkeskommunen sitt vedtak som konsekvens blei endra. Endringa skyldtes forhold som ligg utanfor fylkeskommunen sin kontroll.

Fylkeskommunen er for øvrig ikkje hierarkisk overordna Kvinnherad kommune, og er ikkje ansvarlig for kommunen sitt dispensasjonsvedtak av 17.10.2012, som seinare blei omgjort den 8.05.2013. Fylkeskommunen kan følgjeleg ikkje vere ansvarleg for krav mot kommunen, verken solidarisk eller på annan måte.

På bakgrunn av ovannemnde har regionaldirektøren fatta følgjande vedtak 06.09.2013:

*I medhald av forvaltningslova § 36 første ledd finn regionaldirektøren at Leif Medhus m.fl. ikkje har krav på å få dekka sine sakskostnader etter omgjerung av fylkeskommunen sitt vedtak av 31.10.2013. Krav om dekning av sakskostnader frå Mehus m.fl. ved advokat Støren, datert 9.07.2013, blir derfor avslått.*

Advokatfirmaet Schjødt v/advokat Martin Støren klaga på vegne av Leif Mehus m.fl. på fylkesdirektør regional utvikling sitt vedtak om å avslå krav om dekning av sakskostnader.

Fylkesdirektør regional utvikling vurderte klaga og fann ikkje grunnlag for å omgjera sitt vedtak om å avslå krav om dekning av sakskostnader.

Klagesaka vart behandla av klagenemnda i Hordaland fylkeskommune i møte 26.11.2013 sak 35/13 og det vart gjort slikt vedtak: «*Klage frå advokatfirmaet Schjødt v/advokat Martin Støren på vegne av Leif Mehus m.fl. over vedtak om å avslå krav om dekning av saksomkostningar vert ikkje teken til følge.*»

Etter at vedtaket var fatta og sak ferdighandsama tok Advokatfirmaet Schjødt kontakt med Sivilombodsmannen (SOM) og saka vart teken opp til vurdering og handsaming der. SOM har behandla saka og er ikkje heilt einig i den vurderinga som ligg til grunn for saka i klagenemnda. SOM tok og opp den del av saka som gjalt Kvinnherad kommune. Denne saka hadde og vorte klaga på og Fylkesmannen har behandla denne.

SOM kom tilbake med uttale i saka den 16.12.2015. Konklusjonen i saka er følgjande:

*«Vilkåret i laksetildelingsforskriften § 30 bokstav d nr. 1.jf. akvakulturloven § 7 om at lokalitet for akvakultur ikke kan klareres i strid med vedtatte arealplaner var dermed ikke oppfylt. Fylkeskommunen hadde ikke materiell kompetanse til å klarere omsøkt lokalitet. og tillatelsen 31. januar 2013 var ugyldig.*

*Det følger av dette at fylkeskommunen ikke kan avslå sakskostnadskravet med grunnlag i unntaket i forvaltningsloven § 36 første ledd om at endringen av tillatelsen «skyldes forhold utenfor forvaltningens kontroll.» Etter denne gjennomgangen er ombudsmannen kommet til at fylkeskommunen ikke kan avslå grunneiernes krav om dekning av sakskostnader med den begrunnelse som er gitt. Klagenemnda bes derfor om å behandle saken på nytt. Sivilombudsmannen ber om å bli holdt orientert om klagenemndas fornyede vurdering.»*

Sidan denne saka handlar både om saksomkostningskrav i sak som gjeld Kvinnherad kommune behandla av Fylkesmannen og Hordaland fylkeskommune, fann ein at ein ville avventa Fylkesmannen si vurdering av deira sak. Endeleg svar vart oversendt 01.12.2016 frå Fylkesmannen til fylkeskommunen til orientering.

Fylkesmannen har vurdert å dekke 20 timar av utgiftene til advokatbistand. Fylkesmannen har ved behandlinga i saka teke kontakt med partane sin advokat med spørsmål om å gjeva ei spesifisert timeliste som meir eksakt viser kva som er gått med av timar til dei ulike delane av arbeidet. Ut frå opplysningane i fylkesmannen sitt brev er dette i liten grad gjort. Det som er sagt er at ca. 70% av timebruken gjeld klage over dispensasjonsvedtaket og 30% til klage over akvakulturløyve.

Ut frå det som er kome fram av Sivilombudsmannen si vurdering av saka kan det synast som om saka bør vurderast på nytt. Ein må ta utgangspunkt i svaret frå ombudsmannen samt det vedtak som er gjort av fylkesmannen.

Fylkesrådmannen meiner at det er mest nærliggjande at denne vurderinga vert gjort av fagavdelinga som kan vurdere kva som har vore naudsynt å nytta advokat til for å få endra vedtaket etter akvakulturlova.

Sivilombudsmannen har i sin konklusjon slått fast at saka må handsamast på nytt av klagenemnda. Sidan det her er naturleg at saka vert gjennomgått på nytt har klagenemnda oppheva sitt vedtak av 26.01.2013 i sak 35/13 den 24.01.2017, og sender saka attende til fylkesdirektør regional for ny vurdering av saksomkostnadskravet.

#### Regionalavdelinga si nye vurdering

Slik regionalavdelinga ser det må kravet om kostnader som er retta til fylkeskommunen berre vurderast i forhold til fylkeskommunen sitt vedtak i saka. Ordlyden i forvaltningslova § 36 er knytt til eit bestemt forvaltningsvedtak. Fylkeskommunen har ikkje vore involvert i Kvinnherad kommune sitt dispensasjonsvedtak og er heller ikkje hierarkisk overordna kommunen. Fylkeskommunen er soleis berre ansvarleg for egne vedtak, ikkje Kvinnherad kommune sitt vedtak i saka.

I denne saka har fylkeskommunen endra sitt vedtak av 31.01.2013, ved vedtak av 27.06.2013. Omgjeringa er ein direkte følgje av endringa av Kvinnherad kommune sitt dispensasjonsvedtak av 17.01.2012, og er ikkje ein følgje av vanleg klagehandsaming av vedtaket.

Etter fvl. § 36 er det berre kostnader som har vore «*nødvendige for å få endret vedtaket*» som kan krevjast dekkja. Vilkårset om at kostnadene har vore naudsynte inneber etter ordlyden eit krav om ein viss årsakssamanheng mellom kostnaden og det at vedtaket blei endra.

Det er utført arbeidet består av sjølve klagen av 20.02.2013. Denne er på 1 side, og viser hovudsakleg til felles brev til fylkeskommunen, Kvinnherad kommune og fylkesmannen av 28.01.2013. Dette brevet er på 5 sider. I klagen av 20.02.2013 står det at klagar vil kome tilbake med ytterlegare grunngjeving etter dialog møtet mellom partane, og det vart bedt om utsett klagefrist. Utsett klagefrist vart gjeve fleire gonger, den 22.02.2013, 05.03.2013 og 09.04.2013. Sidan Kvinnherad kommune endra sitt vedtak var det ikkje aktuelt å handsama klagen etter akvakulturlova då fylkeskommunen gjorde om sitt vedtak etter akvakulturlova. Spørsmålet blir då om dette arbeidet var nødvendig for at fylkeskommune skulle endre sitt vedtak, eller om det ville ha skjedd uansett.

Fylkeskommunen har vurdert arbeidet med desse skriva som nødvendig for å få endra vedtaket, jf. § 36, men at dette arbeidet berre kan dreie seg om særskilte timar då det som vart gjort berre var å ytterlegare utsette klagefristen etter akvakulturlova.

Fylkeskommunen konkluderer med at det i liten grad er grunnlag for dekning av kostnader som er påløpt før kommunen sitt omgjeringsvedtak av 08.05.2013. I brev av 15.05.2017 vert omgjort dispensasjonsvedtak oversend fylkeskommunen. Dette brev er på 1,5 sider der det mellom anna vert vist til at fylkeskommunen tidlegare har sagt at dersom kommunen gjer om sitt vedtak vil fylkeskommunen og gjer om vedtaket etter akvakulturlova slik at det vert samsvar mellom dei to vedtaka. Det er soleis ikkje grunnlag for å hevde at det var trong for legge ned eit omfattande arbeid med å få omgjort fylkeskommunen sitt vedtak.

Hordaland fylkeskommune har gått gjennom tilsend timeliste. For oss er det vanskeleg å seie kva som ligg i dei ulike postane. Hordaland fylkeskommune har vurdert kravet opp mot vilkåra i forvaltningslova § 36 og kome fram til at ikkje meir enn 10 timar advokatbistand er «naudsynt for å få endra» fylkeskommunen sitt vedtak.

På bakgrunn av ovannemnde har regionaldirektøren, med heimel i fvl § 36, fatta følgjande vedtak

*I medhald av forvaltningslova § 36 første ledd finn regionaldirektøren at Leif Mehus m.fl. har krav på å få dekkja sakskostnader med kroner 28547 inkl. mva etter omgjering av fylkeskommunen sitt vedtak av 31.10.2013. Krav om dekning av sakskostnader som har vore naudsynt frå Mehus m.fl. ved advokat Støren, datert 9.07.2013, blir derfor delvis tatt til følgje.*

Klagen frå Leif Mehus m.fl.

Klagar meiner at fylkeskommunen ikkje har grunnlag for å ikkje dekke heile kravet. Dette er grunngjeve med at fylkeskommunen har plikt til å vurdere vedtaket etter akvakulturlova, og ikkje berre arbeidet med å få utsett klagefristen på vedtaket etter akvakulturlova. Ved vurdering av om det var naudsynt skal det takast utgangspunkt i partane si subjektive oppfatning, uavhengig av om kostnadene kan sjåast på som avgjerande for utfallet av saka. Ein part må difor få dekkja sine utgifter sjølv om utgiftene objektivt sett ikkje var naudsynt.

Klagebrevet er sendt parallelt til Sivilombodsmannen. Klagar ber Sivilombodsmannen vurdere Fylkesmannen sitt vedtak av 30.11.2016 saman med fylkeskommunen sitt vedtak av 14.03.2017, og sørge for at klagar får full dekning for sine sakskostnader. Det vert vist til at kravet er på 226 945 kr. Fylkesmannen har gjeve 57 094 kr, og Hordaland fylkeskommune har tilkjent 28547 kr. Klagar meiner at 141 304 av kravet gjenstår.

Til avslutning vert det påpeika at saka har vore ei påkjenning for klagar, som no vurderer rettslege skritt for å hindre at saka vert forelda.

Med bakgrunn i at fylkeskommunen har omgjort sitt vedtak om sakskostnader krev klagar dekning av kostnader som har vore naudsynt for omgjerding av dette vedtaket, jf. Forvaltningslova § 36. Dette kravet er på kr. 28000 inkl. mva og utgjør advokatfirmaet sitt arbeid med denne delen av saka.

Regionalavdelinga si vurdering av klagen

I vedtaket av 31.01.2013 vart arealbruken vurdert av regionalavdelinga, samt at ein la til grunn Kvinnherad kommune si stadfesting av at dispensasjonsvedtaket frå kommuneplanen var riktig. Denne delen klagen rettar seg mot vedtaket etter akvakulturlova. Det som skal vurderast her er vedtaket etter forvaltningslova som gjeld krav om dekking av sakskostnader.

I klagen vert det påstått at fylkeskommunen ikkje har gjort ei vurdering arealspørsmålet slik akvakulturregelverket krev, og berre har lagt kommunen sitt dispensasjonsvedtak til grunn.

Regionalavdelinga er ikkje samd i dette og viser til følgjande avsnitt i lokalitetsklareringa av 31.01.2013:

*«Det har vore etablert oppdrettsanlegg på lokalitet 13231 Høylandssund sidan 1994. Både utforming, storleik og plassering har vorte endra fleire gonger. Høyringsrunden på denne saka har ikkje avdekkja at det er lokal motstand mot endra plassering av oppdrettsanlegg i Høylandssund. Kvinnherad kommune har tilråd at det vert gjeve løyve som omsøkt. Kvinnherad kommune er nærast til å foreta den konkrete vurderinga av kva for interesser som skal vege tyngst. Hordaland fylkeskommune finn å måtte tillegga Kvinnherad kommune sin positive uttale avgjerande vekt ved vurderinga av søknaden med omsyn til brukarkonfliktar. Lokaliteten ligg i hovudsak utafor eit område der det ikkje er busetnad. Næraste nabo er søraust for Hamraneset og bustaden der ligg om lag 300 m frå anlegget sitt nord-vestre hjørne. Tilsvarande avstand gjeld og for bustaden i Mjelkevik som ligg sør-vest for anlegget. Erfaringar frå andre anlegg tilseier at det blir viktig at anleggsinnehavar set inn tiltak for å redusere ulemper med støy. Klarering av lokalitet som omsøkt vil ikkje vera i strid med §*

*30 b punkt 3 i laksetildelingsforskrifta som seier at lokalitet kan klarerast dersom det er føreteke ei avveging av arealinteresser med særleg vekt på anna bruk av området.»*

### Konklusjon

Regionalavdelinga har vurdert saka på nytt og kan ikkje sjå at det er framført nye opplysningar i klagen som gjev grunnlag for omgjerung av vedtaket. Saka vert med dette send til klagenemnda i Hordaland fylkeskommune for klagehandsaming.

Til orientering så er akvakulturlokaliteten Høylandssund ikkje lenger i bruk. Innehavaren fekk i vedtak frå Hordaland fylkeskommune av 01.12.2015 løyve til å etablere anlegg på ny lokalitet Seglberget mot at anlegget i Høylandssund vart lagt ned.

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

Sølve Sondbø  
seksjonssjef

Kopi:

Advokatfirmaet Schjødt AS v/Martin Støren

## Dokument i saka:

Vedlegg	Dato	Avsendar	Tema
1	28.01.2013	Adv. Schjødt	Merknad til søknaden
2	30.01.2013	Kvinnherad kommune	Stadfesting av gyldig vedtak
3	30.01.2013	Adv. Schjødt	Krav om utsett iverksetting
4	31.01.2013	Hordaland fylkeskommune	Løyve
5	20.02.2013	Adv. Schjødt	Klage
6	22.02.2013	Hordaland fylkeskommune	Avslag utsett iverksetting, stadfestar utsett klagefrist
7	05.03.2013	Adv. Schjødt	Ber om utsett klagefrist
8	06.03.2013	Alsaker Fjordbruk AS	Diverse vedk. kontakt partane
9	08.03.2013	Hordaland fylkeskommune	Utsett klagefrist
10	03.04.2013	Adv. Schjødt	Ber om utsett klagefrist
11	09.04.2013	Hordaland fylkeskommune	Utsett klagefrist
12	15.05.2013	Adv. Schjødt	Oversending av kommune sitt nye vedtak
13	27.06.2013	Hordaland fylkeskommune	Nytt løyve
14	09.07.2013	Adv. Schjødt	Krav om dekning av sakskostnader
15	06.09.2013	Hordaland fylkeskommune	Vedtak om avslag på krav om dekning av sakskostnader
16	27.09.2013	Adv. Schjødt	Klage på vedtak
17	18.10.2013	Hordaland fylkeskommune	Oversending av klage til klagenemnda
18	15.11.2013	Hordaland fylkeskommune	Saksframstilling til klagenemnda
19	29.11.2013	Hordaland fylkeskommune	Melding om vedtak i klagenemnda
20	04.11.2014	Adv. Schjødt	Spørsmål om rett klageinstans, og orientering om klage til Sivilombodsmannen
21	24.11.2014	Hordaland fylkeskommune	Svarar Adv. Schjødt at fylkeskommunen er rett klageinstans
22	13.08.2015	Sivilombodsmannen	Spørsmål om avslag på krav om dekning av sakskostnader
23	10.09.2015	Hordaland fylkeskommune	Førebels svar til Sivilombodsmannen
24	26.09.2015	Hordaland fylkeskommune	Svar til Sivilombodsmannen
25	16.12.2015	Sivilombodsmannen	Uttale frå Sivilombodsmannen
26	04.05.2016	Sivilombodsmannen	Påminning til Hordaland fylkeskommune
27	27.05.2016	Hordaland fylkeskommune	Svar til Sivilombodsmannen si påminning
28	07.10.2016	Sivilombodsmannen	Ber om status for saka
29	01.11.2016	Sivilombodsmannen	Purring på status i saka
30	04.11.2016	Hordaland fylkeskommune	Status i saka
31	05.12.2016	Sivilombodsmannen	Orienterer om at Fylkesmannen har handsama saka på nytt
32	13.12.2016	Hordaland fylkeskommune	Orienterer Sivilombodsmannen om sak i klagenemnda
33	24.01.2017	Hordaland fylkeskommune	Ny handsaming i klagenemnda
34	31.01.2017	Hordaland fylkeskommune	Orienterer Sivilombodsmannen om vedtak i klagenemnda
35	07.02.2017	Sivilombodsmannen	Ber om å få tilsend klagenemnda sitt neste vedtak
36	14.03.2017	Hordaland fylkeskommune	Vedtak om delvis dekning av sakskostnader
37	04.04.2017	Adv. Schjødt	Klage på vedtak om delvis dekning av sakskostnader, samt krav om ytterlegare sakskostnader

Alle dokument i saka før fyrste brev frå klagar er ikkje teke med. Denne saksgangen er oppsummert i vedtaket frå Hordaland fylkeskommune av 31.01.2013. Dersom det er ønske om det kan desse dokumenta ettersendast.